



BREKKE & KLEPPE ANLEGG AS
Postboks 133
6069 HAREID

Brekke & Kleppe Anlegg AS - inspeksjonsrapport 2018.005.U.FMMR

Denne rapporten handlar om resultatet frå ein inspeksjon gjennomført 27.11.2018 ved Brekke & Kleppe Anlegg AS sin aktivitet ved Rafalneset. Rapporten blir rekna som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er mottatt.

Sidan dette var eit uanmeldt tilsyn var det ingen 9ra leiinga av verksemda som var representert under tilsynet. Det var Anne Grete Kleven og Magnus Tornes som gjennomførte inspeksjonen for Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal avdekka 2 avvik under inspeksjonen:

1. Brekke & Kleppe Anlegg AS mellomlagrar returafalt ulovleg ved Raffalneset industriområde
2. Brekke & Kleppe Anlegg AS driv ulovleg avfallshandtering

Avvikene er nærmere beskrevet i punkt 3 i rapporten.

Brekke & Kleppe Anlegg AS må innen 01.03.2019 sende en skriftlig redegjørelse som viser hvordan avfallet er fjernet fra eiendommen.

Med helsing

Anne Melbø (e.f.)
fagansvarleg

Anne Grete Kleven

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

HAREID KOMMUNE Rådhusplassen 5 6060 HAREID

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Namn: Brekke & Kleppe Anlegg AS	Anleggsnummer: 1517.0034.01
Bedriftsnr. for undereininga: 983697070	Eigd av (organisasjonsnr.): 989957058
Kommune: Hareid	Anleggsaktivitet: Grunnarbeid
Kontrollnummer: 2018.005.U.FMMR	Risikoklasse: 4
Løyve gitt: 02.05.2018	

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Fylkesmannen i Møre og Romsdal var ute på anna tilsyn i Hareid kommune då vi vart oppmerksom på eit bål som brann på Raffelneset industriområde. Denne rapporten omtaler berre avvik som vi avdekka der. Rapporten gir inga fullstendig vurdering av tilstanden til miljøarbeidet eller miljøstatusen ved verksemda.

Eigarane av eigedom med gnr.41 bnr. 1192 er Brekke & Kleppe Anlegg AS, mens gnr.41 bnr. 594 er eid av Hareid kommune.

Brekke & Kleppe Anlegg AS har utsleppsløyve til å ta imot, mellomlagre og knuse returasfalt ved Hjørungnesmyrane.

3. Avvik

Avvik blir definert som manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Fylkesmannen fant følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Brekke & Kleppe Anlegg AS mellomlagrar returasfalt ulovleg ved Raffelneset industriområde

Avvik frå:

Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) §§ 7 og 29

Kommentarar:

Brekke & Kleppe Anlegg AS fekk i mai 2018 løyve til mottak av returasfalt ved sin eigedom (gnr. 70 bnr. 108) ved Hjørungnesmyrane. Verksemda har løyve til å ta imot, mellomlagre og knuse inntil 2000 tonn returasfalt per år. Utsleppsløyve gjeld ved denne eigedomen og ikkje nokon annan stad.

Under inspeksjonen ble det observert at det var lagra ein større mengde med returasfalt ved Raffelneset industriområde.

Avvik 2

Brekke & Kleppe Anlegg AS driv ulovleg avfallshandtering

Avvik frå:

Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) §§ 7 og 32

Kommentarar:

Næringsavfall skal bli brakt til lovleg avfallsanlegg med mindre avfallet kan brukast på nytt.

På veg til Hareid sentrum vart vi oppmerksom på eit bål ved Raffelneset industriområde. Det så ut til mest greiner, men det var også diverse pallar og liknande avfall frå næringsverksemd. Bålet var plassert på eigedommen gnr.41 bnr. 594. Denne eigedommen er eid av Hareid kommune. Avfallet var elles plassert på eigedommen gnr.41 bnr. 1192 tilhøyrande Brekke & Kleppe Anlegg AS.

I tillegg var det anna typar avfall som var lagra på industriområde, som restar av betong med og utan armeringsjern og resturasfalt. Noko av avfallet, som betongen, var også brukt til utfylling. Ein del av betongen brukt til utfyllinga var malt og med armeringsjern.

4. Oppfølging etter inspeksjonen

Brekke & Kleppe Anlegg AS har plikt å rette opp dei avvika som er skildra i denne rapporten så snart som mogleg. For at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saka, må Brekke & Kleppe Anlegg AS innan 01.03.2019 sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta.

Vi ber om at de sender svarbrev på e-post til fmmrpostmottak@fylkesmannen.no eller på papir til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde, merka med saksnummer. Saksnummeret er 2018/752.

5. Varsel om gebyr

I tråd med forvaltningslova § 16 varslar Fylkesmannen om at vi tar sikte på å fastsette gebyrsats 4 (10 300,- kr) for kontrollen. Heimel for eit vedtak om sats er [forureiningsforskrifta § 39-7](#). Eventuelle kommentarar om gebyrsats må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at dette brevet er motteke.

6. Offentlegheit

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for offentlegheita via postjournalen til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, jf. offentleglova. I tillegg vil rapporten vere tilgjengeleg på www.norskeutslipp.no. Ein kopi av rapporten er også sendt til Hareid kommune.

7. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om begrensnig av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal